

VERDIDOKUMENT FOR BIBELSKOLEN BILDØY BERGEN

1. INNLEIING

Med ”Verdidokument” meiner vi eit skriftleg dokument som kort skildrar den tru og dei verdiar som skal prega verksemda i Indremisjonsforbundet (heretter ImF) , og som her særleg er konkretisert for skular tilslutta ImF. (Jfr. ”unntaksbestemmelsen” i Arbeidsmiljølova.) Som eigar/ medeigar ser ImF på skulen som ein viktig samarbeidspartnar og ein viktig arbeidsreiskap for barn og unge i ImF-samanheng.

Det er viktig for ImF og for skulen at personalet står for og formidlar denne tru og desse verdiane både i arbeid og fritid. Og dokumentet fungerer difor som ein avtale som tek for seg viktige prinsipielle sider i tilsetjingstilhøvet mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar. Dokumentet skal underskrivast av alle tilsette på skulen – normalt ved tilsetjing.

2. EIN KRISTEN FRISKULE

Gud har gjeve mennesket to oppdrag: *kulturoppdraget* og *misjonsoppdraget*.

Kulturoppdraget forpliktar oss til å vera fruktbare og underleggja oss jorda, utforska og forvalta den til beste for alle. Guds velsigning fylgjer med dette oppdraget slik det er skildra i 1.Mos.1. I denne forvaltaroppgåva ligg også forpliktinga til å leva og læra etter Guds gode vilje slik det m.a. er konkretisert i dei ti bodorda. Ein kristen skule har eit særleg kall til å lyfta fram kulturoppdraget som gjeve av Gud og at utføringa står ansvarleg overfor Han. I ein kultursituasjon prega av sekularisering, pluralisering, differensiering, individualisering, privatisering og rasjonalisering er det viktig å halda dette klårt fram.

Misjonsoppdraget er gjeve oss av Jesus i misjonsbodet. Der vert vi kalla til å forkynna evangeliet til alle folkeslag og til kvar generasjon over tid og grenser. Matt.28:16-20. Den kristne skule har på denne måten del i forkynninga av evangeliet. Evangelieforkynning høyrer naturleg heime i skulekvardagen. Her skil den kristne skule seg klårt frå den offentlege skulen, slik den framstår i dag. Arbeidet med forholdet mellom tru og fag er viktig. Faga får ei kristen verdiforankring. Men ein kristen friskule er ikkje ei forsamling/menighet.

Den kristne skule har på vegne av foreldra og den kristne forsamling fått del i begge desse oppdrag. Skulen står under desse gudgjevne forpliktingane med mandat frå foreldra.

3. GRUNNLAGET FOR SKULEN

Grunnlaget for å driva kristne friskular er solid forankra. Vi nemner fylgjande 3 punkt:

3.1 Bibelen

Det primære grunnlaget finn vi først og fremst i Bibelen. Her står det at **foreldra** har plikt til å oppdra barna sine. 5.Mos.6,4-9 Ef.6,4. Foreldra er Guds personlege representantar når det gjeld omsorg og oppdraging. Dei grunnskular og vidaregåande skular som ImF driv, skal vera ei hjelp til foreldra, og har sitt grunnlag i denne **foreldre retten**. Våre folkehøgskular, bibelskule og høgskular står sentralt når det gjeld gjennomtenking av og bevisstgjerjing på foreldre retten.

3.2 Menneskerettserklæringa

Foreldreretten er i samsvar med menneskerettserklæringa vedteken av FN i 1948. I den same menneskerettserklæringa er også **religionsfridomen** fastslegen i artikkel 18 (punkt 1 & 4). Foreldre og ungdom har fridom til å velje oppseding og utdanning i samsvar med overttyding. Vi har rett til å driva undervisningsinstitusjonar på religiøst grunnlag. Og kristne skular gjev reell valfridom. Menneskerettserklæringa nemner også **ytringsfridomen** (artikkel 19). Alle har rett til å formidla si overttyding. Kristne skular er viktige aktørar for ytringsfridom. Og dei er sjølve eit uttrykk for denne. Grupper i mindretal kan ikkje påtvingast religiøse og ideologiske syn dei ikkje står for.

3.3 Norsk lovgjeving

Lov om frittstående skular av 2003 sikrar desse rettane i vårt land. Institusjonen har rett til å verna om sin eigenart slik den er uttrykt i grunnreglar, lover og vedtekter. Styret/ representantskapet for skulen har ansvar for at drifta er i samsvar med gjeldande offentlege lovverk, føremålet for skulen og grunnreglane. Kvar tilsett skal ha instruks/ arbeidsbeskrivelse for dei oppgåvene ein er pålagd. Rettane til dei tilsette er først og fremst sikra gjennom "Lov om arbeidvern og arbeidsmiljø (Arbeidsmiljøloven)", vidare gjennom internasjonale konvensjonar gitt til vern om arbeidstakar og dernest gjennom dei personalpolitiske ideal som fylgjer av eit kristent grunnsyn.

4. BASIS OG FØREMÅL FOR SKULEN

4.1 BASIS

Bibel og vedkjenning

ImF eig og driv skulen. Skulen byggjer si verksemd på den Den Heilage Skrifta (Bibelen) og Den evangelisk lutherske vedkjenninga. I vedkjenningsskriftene vert den kristne trua innhaldsbestemt ut frå Bibelen. All verksemd i ImF skal byggja på denne basis. Skulen driv sitt arbeid i samsvar med lov for ImF.

Lågkyrkjeleg, konservativ lekmannstradisjon

Skulen står i den same åndelege tradisjon som den konservative lekmannsrørsla. Dei historiske røtene er i vekkingane på 1800-talet og 1900-talet. ImF ynskjer at arbeidet ved skulen vert drive ut frå den kristendomsforståinga som bedehusrørsla står for og i god kontakt med denne.

Tru og liv

Vår haldning er ut frå dette at Bibelen er Guds eige ord, gjeve til menneske til alle tider. Bibelen er endeleg og ufeilbarleg norm for lære og liv. Dette bibelsynet er avgjerande for korleis vi konkluderer i etiske og andre lærespørsmål. Vi lever i ei tid der Bibelens autoritet og truverde er svekka - ikkje berre i samfunnet, men òg i kyrkjelivet. Difor er det viktig for oss å presisera overfor kvarandre at dette bibelsynet høyrer med til grunnvollane ved skulen vår. Vidare utdjuing finn ein i "Håndbok for bedehuset" avsnitt 1.7 og 4.1.

4.2 FØREMÅL

Undervisning

Føremålet med skulen er:

1. å gje born/ungdom ei fagleg god undervisning og opplæring i samsvar med gjeldande lover og planar for skuleslaget.
2. å gje elevane ei fagleg og etisk grunnhaldning i samsvar med kristen tru og etikk.

Skulen siktar på å gje elevane personleg overtyding og tryggleik slik at dei også kan få den beste føresetnad for å møte andre menneske med respekt og vurdning.

Vekkja og bevisstgjera personleg kristenliv

Skulen har vidare som føremål å vinna og vara dei unge for Kristus. Alle tilsette skal både i og utanfor undervisninga arbeida for å vekkja og styrkja det kristne liv hjå elevane, formidla kallet til teneste i Guds rike og vera vegvisarar inn i ei aktiv forsamlingstilknytning.

5. VERDIAR OG FORPLIKTELSAR

Dei tilsette er den viktigaste ressurs for å nå føremålet skulen har både fagleg og åndeleg. Med bakgrunn i basis og føremål for skulen vil ImF framheva 9 punkt som konkretiserer grunnleggjande verdiar for skulen, og som dermed forpliktar alle tilsette:

5.1 Vera oppsedarar og haldningsskaparar

Alle tilsette deler ansvaret for danning og oppsedinga i omfattande tyding. Ein viktig føresetnad er positive haldningar til elevane. Skulen legg vekt på respekt for menneskeverdet åt elevane uansett personlege føresetnader, sosial bakgrunn og livssyn. Eit mål er å framelska dei moglegheiter og gjevnader som ligg hjå den einskilde. Omsorg og tryggleik i læringsmiljø og på skulen elles er viktig for at dette skal skje. Skulen vil arbeida med eigne haldningar for å hindra favorisering og rangering, og for å fremja likebehandling og likeverd. Då først vil skulen kunna praktisera naudsynleg grensesetting etter reglement for skulen på ein god måte.

5.2 Vera førebilete

Som tilsett ved skulen er kvar einskild i personalet eit førebilete både i arbeidsliv og privatliv. Ikkje minst når det gjeld haldningsskapande arbeid er den daglege livsførsle avgjerande. Bibelsk standard for liv og verksemd skal vera vårt mål, sjølv om ingen kan leva opp til den fullt ut. Det er også viktig å vera førebilete i å be om orsaking. Foreldre og elevar har rett til å forventa at personalet tek førebileteoppgåva alvorleg. Sjå punkt 4.

5.3 Formidla tru og tanke

Undervisninga ved skulen er ideologisk tufta i den kristne tru og tanke. Trua på Gud som skapar og frelsar gjev eit eige perspektiv på faga. Vårt mål er at dei einskilde fag skal ha ei tolkingsramme som gjer at kunnskapen vert sett i ljøs av Guds ord. Samstundes skal elevane oppfordrast til å stilla kritiske spørsmål, bryna tanken mot andre livssyn og dra eigne konklusjonar.

5.4 Fremja friskuletanken og lojalitet

Lojalitet mot grunnreglane for skulen bør vera sjølvsagd. Men det er likevel viktig å presisera dette overfor kvarandre. Friskuletanken som skulen er ei frukt av og tufta på, må målberast på ein positiv måte. Å vera lojal overfor vedtak fatta i skulen sine ulike organ og i styret er viktig. Dette vert særleg sett på prøve når ein er usamd i vedtak som er gjorde.

5.5 Vektleggja mellommenneskelege relasjonar – tru, kjærleik og tilgjeving

Tilhøvet til elevane skal vera prega av å vera sanninga tru i kjærleik - med lydnad, konsekvens og tilgjeving som vesentlege element. Gode tilhøvet mellom dei tilsette som kristne sysken, vil vera eit sterkt vitnemål overfor elevane. Respekt, lojalitet, solidaritet og eit liv i oppgjorde forhold må prega ånda på skulen. Samarbeidet mellom kollegaer og med elevar krev ei livsførsle prega av varsemd der ein unngår negativ omtale av kollegaer og elevar, og ikkje gjev informasjon som kan verka konfliktskapande og som kan skada deira omdøme. Oppstår konflikter skal ein prøva løysa desse på lågast mogeleg nivå og i samsvar med reglar og strukturar på skulen.

5.6 Bidra til fagleg og sosialt skulemiljø

Skuleleiinga har her det tilretteleggjande ansvar. Men kvar tilsett har eit utøvande ansvar både fagleg og sosialt. Kvar einskild i personalet må ha ei aktiv og byggjande haldning til det samla fellesskap på skulen. Fagleg vegleiing og fagleg utvikling er eit felles ansvar. Målet er å utvikla kompetanse og betra standard.

5.7 Forplikta på samsvar mellom liv og lære.

Samklang mellom liv og lære er kristen dyd for alle. I skulane er tilsette rettleiarar og førebilete for elevane både ved sine ord og liv.

Kristen livsførsel vil aldri vera feilfri eller syndefri. Det er viktig at tilsette lever i lyset med livet sitt i ”syndsforlatelsens rike.” Det å be om tilgjeving og gjera opp med Gud og menneske når ein har forgått seg, er viktig for kristenlivet. Det har også stor førebiletleg funksjon over for elevane.

Det er også viktig at ein i skulefellesskapet syner kristen omsorg for medarbeidarar som slit med sin livsførsel og hjelper dei til vekst og modning. Også her skal vi vera gode førebilete.

Brot på Guds bod og open livsførsel i strid med Indremisjonen si forplikting på Guds ord og vedtekne retningslinjer, må føra til vurdering av tenesta i skulen. Alle må bera konsekvensane av livet sitt og handlingane sine. Dette gjeld alle livsområde. Sjølv om ein har gjort opp både med Gud og menneske, vil ein ikkje i alle tilfelle kunna halda fram i si stilling. Nokre livsområde må nemnas særskilt.

5.7.1 Den kristne familien og kristen familieetikk

Den kristne familien og ein tydeleg etikk på dette viktige livsområdet har alltid vore sentral i Indremisjonen. Både med tanke på tilsette og når det gjeld tillitsvern, har ein i alle samanhengar lagt vinn på å praktisera truskap mot Guds ord både i val av personar og innhald i det som skal formidlast.

Ekteskapet er den skaparordning Gud har sett inn som ramme om familien og det livslange samlivet mellom mann og kvinne. Familie og samliv utan det offentleg stifta ekteskap mellom mann og kvinne (som til dømes homofilt partnerskap, sambu mellom to av same eller baa kjønn) er i strid med Guds ord. Dette er ImF og alle tilsette/tillitsvalde forplikta på. Brot på denne forpliktinga vil føra til at skuleeigar vil måtta vurdere situasjonen og normalt sjå arbeidstilhøvet avslutta.

Skilsmisse er noko fleire dessverre opplever i vårt samfunn i dag. For unge menneske har dette også den konsekvens at ein misser trua på ekteskapet som god ordning for familielivet. Det er difor viktig at ein i indremisjonen sine skular både har gode førebilete og positiv formidling av den gode familien og det gode ekteskapet. Dersom ein tilsett i skulen kjem i ein situasjon der ein vert separert og det er fare for skilsmisse, reknar skuleeigar med at ein vert informert og får drøfta situasjonen. Normalt vil det i første omgang bli vurdert permisjon, og om det vert avslørt klare brot på Guds bod, bli vurdert avslutning av arbeidstilhøvet. Dette står ikkje i motsetnad til at den som opplever den smerte som samlivsbrot er, skal møta kristen omsorg og hjelp. Skilsmisse fører ikkje utan vidare til at ein automatisk må slutta i stillinga. Etter permisjon og avklaring av situasjonen kan arbeidsgjevar gje vedkomande høve til å halda fram i tenesta.

Gjengifte er det etiske valet som Indremisjonsforbundet har eit restriktivt tilhøve til. Mellom bibeltru kristne møter ein to litt ulike konklusjonar når det gjeld synet på gjengifte. Det såkalla ”gamallutherske synet” forstår det slik at dersom ein er uskuldig i skilsmisse, er ein fri til å gifta seg igjen. Det meir restriktive synet har dei som erkjenner at NT talar om ”legitim” skilsmisse (utsett for utruskap, religionsblanding, og gjerne vald), men finn at Bibelen likevel ikkje opnar for gjengifte. ImF erkjenner at ein må leva med bae ”syna”. Det har mellom anna den konsekvens at ein ikkje skal møta dei som har det gamallutherske synet med at dei bryt med Guds ord eller lever i strid med Bibelen. Når ein likevel skal ha ein einsarta praksis på dette området, seier ImF normalt nei til å ha gjengifte i stillingar som inneber åndeleg rettleiing og har ein tydeleg karakter av førebilete i seg. Difor må skuleeigar gjera det klart for alle tilsette at gjengifte vil føra til at arbeidstilhøvet vert vurdert, og normalt vil det opphøyra.

Homofili er eit etisk område som vi også nemner. Vi kjem ikkje forbi at homoseksuell legning er ein lagnad nokre må bera. I vårt samfunn der samfunnet si lovgjeving bryt med Bibelen, og det er eit press mot det bibelske bodordet, er det ekstra viktig at menneske som ber denne lagnaden, får omsorg og støtte. Dei er velkomne inn i det kristne fellesskapet og kristne tenester som andre. Homofilt samliv – enten det gjeld sambu eller partnerskap som er godkjent av styresmaktene - er i strid med Guds ord. Det går ikkje saman med kristen vedkjenning. Difor kan dei som vel ei slik livsform ikkje ha stilling og/eller verv i ImF.

På det samlivsetiske området er det viktig å understreka at kvar og ein har ansvar for å syna respekt og vørndnad for andre. Alle former for fysisk og psykisk overgrep er uakseptabel krenking av medmenneske. Skulen har ein beredskapsplan vedrørande krenkingar og overgrep. (Sjå vedlegg).

Einsleg stand er også ei livsform som må nemnast. I ein skule og der familien og ekteskapet er sentral, må dei som lever einsleg ikkje gløymast. Dette er ei fullverdig livsform. Den som lever einsleg (ugift eller ikkje lenger har ektefelle) har også ei viktig rolle som førebilete og identifikasjonsperson. Dette må understrekast positivt. Det har også som konsekvens at ein må stilla same forventningar til slike om å leva i samsvar med Guds rettleiing for kristen livsførsel.

Skulen syner også til følgjande publikasjonar der det er gjort nærare greie for Indremisjonsforbundet si vurdering av desse tema.

Karl Johan Hallaråker: ”I gode og vonde dagar.” (Lunde Forlag)

Arne Lie, Ingar Hjelset, Johannes Kleppa: ”I Herrens teneste” (Sambåndet Forlag)

”Håndbok for bedehuset”, Etiske råd (kap. 9) (Indremisjonsforbundet)

5.7.2 Menneskeverdet.

Menneskeverdet er alt omtala. Her vil vi leggja til at skulen ventar at alle tilsette i haldning, i handling og i rettleiing/sjelesorg fremjar det bibelske syn at menneskelivet er ukrenkeleg frå konsepsjon til død. Fosteret har rett til liv. Provosert abort krenkar denne retten og kan berre aksepterast der mora sitt liv står i fare. Uønska graviditet er ein vanskeleg livssituasjon både for kvinna det gjeld og for mannen som er involvert. Her trengst all den omsorg, støtte og hjelp som er mogeleg å gje for å bære fram barnet og finna gode løysingar.

Sameleis er aktiv dødshjelp (evtanasi) fundamentalt i konflikt med eit kristent menneskesyn. Dette er heilt uoppgjevlege verdiar som skal formidlast til komande generasjonar.

5.7.3 Livsstil, rusmiddel og røyking.

Skulen ynskjer å fremja haldningar som tek vare på lekamen. Dette betyr konkret m.a. at skulen vil fremja ein rusfri livsstil. Tilsette ved skulen må ikkje nytta narkotiske stoff eller misbruka andre rusmidlar. Når det gjeld alkohol er totalfråhald ynskjeleg. Skulen ser på dette standpunkt som mest i pakt med vårt ansvar for å fremja ein rusfri livsstil og det å ha ein positiv førebiletefunksjon mellom elevane. Skulen ventar soleis at alle tilsette tek omsyn til dette. Sjølv om skulen ikkje krev totalfråhaldsstandpunkt ved tilsetjing, reknar ein med at personalet omtalar totalfråhald på ein positiv måte. Bruk av alkohol i alle samanhengar der ein har med elevar å gjera er alvorlege brot på tillit og grunnlag for tilsetjing.

Skadeverknadene av tobakksrøyking er i dag så grundig dokumentert at vi også her er pålagde eit etisk ansvar. Skulen ynskjer å formidla ei klar haldning i pakt med dette, og reknar med at alle i personalet viser respekt for gjeldande reglement på området.

Skulen ynskjer å fremja ein nøktern livsstil som ikkje øyder ressursar unødig. Gjennom dette får vi meir å gje til andre, og vi vert førebilete både i nærmiljø og globalt.

5.8 Lovlydnad

Guds ord lærer oss å respektera og lyda dei som har ansvar i samfunnet. Styresmaktene er av Gud tiltrudd ansvaret å samordna og styra dei ulike samfunnsområde, slik at fellesskapen mellom oss kan fungera best mogeleg. I vårt demokratiske system har me alle eit medansvar for styret av landet gjennom deltaking i val. For orden skuld vil vi nemna at alle tilsette er forplikta på å fylgja norsk lovgjeving og dei råmene som gjeld for vårt samfunnsliv. Berre samvitskonfliktar med basis i Guds ord kan gje unnatak her. Då gjeld det at ”ein skal lyda Gud meir enn menneske” (Apg. 4:19 og 5:29). Skulen ser positivt på at tilsette engasjerer seg i politisk arbeid og anna samfunnsnyttig innsats så lenge dette ikkje går ut over tenesta ved skulen.

5.9 Bruk av IKT –tenester

Personalet ved skulen som har tilgang til internett og e-post i arbeidssamanheng, skal bruka dette i samsvar med dei retningslinjene som er gjevne. IKT-tenester skal brukast til arbeidsrelaterte føremål og i samsvar med norsk lov og alminneleg sømeleg ferd. Det er såleis m.a. forbode å nytta IKT-tenester til å senda, innhenta eller lasta ned pornografi og anna krenkande, rasistisk eller ulovlege data.

6. BROT PÅ REGLANE

6.1 Tilsetjing - eit tillitsforhold

Ved å ta imot ei tilsetjing vert ein vist tillit. Skulen reknar med at den tilsette vil arbeida i tråd med skulen sine grunnreglar og slik desse er forstått i dette verdidokumentet. Dersom ein tilsett ikkje lenger kan slutta seg til desse, reknar skulen med at vedkomande tek konsekvensen av dette. Dersom ein er i tvil om korleis ein skal ordna seg, er det naturleg å ta spørsmålet opp med rektor for råd og vegleiiing.

6.2 Brot på avtalen

Dersom rektor vert kjend med at ein tilsett har brote denne avtalen, skal han ta dette opp med vedkomande, slik at alle naudsynlege opplysningar kan koma fram. Skulle saka ikkje finna si

løysing på denne måten, skal først skuleeigar(ar) orienterast før saka vert teken opp i styret for skulen.

6.3 Brot på norsk lov

Tilsette som gjer seg skuldig i straffbare handlingar etter norsk lov kan seiast opp frå si stilling. Også alvorlege brot på kristen etikk – men som ikkje er brot på norsk lov - kan som siste utveg føra til oppseiing ut frå tanken om svikt i førebiletefunksjonen.

6.4 Prosedyre ved brot

Det naturlege ved brot på avtalen er at vedkomande tilsett tek konsekvensane og seier opp si stilling. Dersom dette ikkje skjer, og brot på avtalen er avdekka, skal skuleeigar(ar) straks orienterast. Om styret må vurdera sanksjonar eller oppseiing, skal fylgjande prosedyre gjelda:

Styret oppnemner eit utval som førebur saka. Utvalet innkallar den tilsette til konferanse. Her kan den tilsette ha med seg bisitjar eller "stedfortredar" med fullmakt. Målet er å utarbeida ei felles skriftleg framstilling av dei faktiske sider av saka (ein protokoll) som vert underskriven av begge partar.

Dersom ein ikkje vert samde, har den tilsette høve til å leggja fram si eiga saksframstilling. Denne fylgjer så med utvalet si saksframstilling og tilråding til styret. Det er viktig at alle opplysningar og dokument er konfidensielle og ivaretek personvernet til den tilsette. Styret gjer sitt vedtak på grunnlag av innstilling frå utvalet.

7. VEDLEGG

- Skulen sine grunnreglar

8. AVSLUTNING OG UNDERTEIKNING

Dette verdidokumentet vart vedteke i styret for skulen den 6. september 2005.

ERKLÆRING

JA, eg har lese dette verdidokumentet med vedlegg.

Eg erklærer med dette å vera lojal mot dette.

STAD:..... DATO:.....

UNDERSKRIFT: